

## Trequ friviljuge til cupen

17.08.2011



Til jobben i teltet trengs det mange!

**Fotballgruppa står atter foran eit storløft, vi siktar til Spar Cup på Heio som i år skal avviklast 4. september,**

**Deltakartalet er førebels ikkje klårt, men ifjor var det 44 lag med 300 spelarar og det bør vel ikkje bli færre i år?**



700 var innom cupen i fjor!

Det betyr i alle fall at ein stor arrangørstab må i aksjon nok ein gong og Anita Simensen ber om at folk meldar seg på telefon 47633595. Det skal reisast telt også i år som ein forsikring mot vondt ver og inne i teltet skal det selgjast mot og drikke. Til heile denne operasjonen trengs det folk! Det er også tilfelle med ryddinga etterpå.

Spar Cup på Heio er eit sportsleg høgdepunkt i bygda og bør bli så vellukka som mogeleg! Dette er god profilering av Uskedalen som ein fin stad å bu på.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen